



Arkivnr: 2015/11453-95  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		14.09.2017

### Nytt studie i Klassisk bygningshandverk og restaurering

#### Samandrag

Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger og handverksmiljøa som er knytt til senteret, har teke initiativ til å utvikle ei ny fagskuleutdanning innan klassisk bygningshandverk og restaurering saman med Fagskolen i Hordaland. Tilbodet skal vere på 60 fagskulepoeng, og undervisninga skal haldast både ved studiestaden i Bergen og på Voss. Tilbodet er tenkt å vere eit deltidstilbod, men fagskulen ønskjer også å søkje godkjenning for heiltid. Fagskulen ønskjer å ferdigstillast studieplanen og søkje NOKUT om godkjenning innan 1. mars 2018.

#### Forslag til vedtak

Fagskolen i Hordaland vert gjeve løyve til å utarbeide ein studieplan i «Bygningshåndverk og restaurering», 60 fagskulepoeng, med sikte på å søkje NOKUT om godkjenning 1. mars 2018.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.08.2017**

Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger (BVS) og handverksmiljøa som er knytt til senteret, har teke initiativ til å utvikle ei ny fagskuleutdanning innan klassisk bygningshandverk og restaurering saman med Fagskolen i Hordaland. Tilbodet skal vere på 60 fagskulepoeng, og undervisninga skal haldast både ved studiestaden i Bergen og på Voss. Tilbodet er tenkt å vere eit deltidstilbod, men fagskulen ønskjer også å søkje godkjenning for heiltid.

Både bygningsbransjen, vernemyndigheiter og museum melder at det er mangel på undervisningstilbod innan klassisk bygningshandverk og restaurering/rehabilitering. Med klassisk bygningshandverk meiner ein her dei ulike handverksfaga som vart etablert i tidleg moderne tid (frå 1600-talet og framover), og som danna grunnlaget for handverkstradisjonen som utvikla seg vidare fram til handverkarlauga vart løyst opp i siste del av 1800-talet. Studieplanen vil såleis vektleggje måten det klassiske bygningshandverket skal utførast på og korleis det er del av ein arbeidsprosess. Tilbodet skal vere retta mot tømrrarar og snikkarar.

Fylkeskonservatoren i Hordaland, Hardanger og Voss museum, Byggmesterforbundet Region Vest ønskjer også at eit fagskuletilbod innan klassisk bygningshandverk og restaurering vert oppretta. Arbeidet med å opprette fagtilbodet er organisert som eit eige prosjekt i eit samarbeid mellom styringsgruppa for BVS, der også Fagskolen i Hordaland er med, i tillegg til institusjonane som er nemnt over.

Som ein del av prosjektet er det også gjort ein marknadsanalyse som konkluderte med at det er eit behov for denne utdanninga. Vidare er det lagt opp til eit koordinerande rettleiingsseminar før studiet vert etablert for dei faglærarane som skal undervise ved tilbodet.

Utkast til studieplan ligg vedlagt, og fagskulen ønskjer å ferdigstilla denne og søkje NOKUT om godkjenning innan 1. mars 2018.